

MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1982

Navnet på vatnet

Liksetalnet

Kommune

Hjelmeland

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet
og skriving av meldinga er utført av Roga-
land Skogselskap v/ E. Berg, etter retnings-
liner og i nært samarbeid med Konsulenten
for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr
Øyvind Vasshaug.

V I K A V A T N E T

Fiskeanalyesen vart foretken den 11. sept. 1972.

Vatnet ligg i Hjelmeland kommune, nærmere stadfest sør for Hundsnes, og på austsida av Ølesundet.

Arealet er omlag 5 ha. og h.o.h. 2 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men stort sett må vatnet karakteriserast som grunt.

Stranda består for det meste av stein og fjell, som går over til gjermebotn mot djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmebras, flotgras, nøkkeroser, siv og algevegetasjon vil ein finna frå stranda og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet, som er lite, femner for det meste om skogsmark der lauvskogen dominerer. Som undervegetasjon vil ein finna einer, blåbær- og tyttebærlyng m.v.

Hovudbergartene er gneis og granitt.

Noko hovudtilsig har ikkje dette vatnet, men div. mindre bekke-tilsig fell inn ymse stader.

Avlaupet renn ut i sør-vest og går til sjøen ca. 30.0 m lenger nede.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 4.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 6.6 som er mykje godt for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er 3.3 mg/l og den totale hardheita 5.8 mg/l. Dette må seiast å vera bra om ein samanliknar med andre analyserte vatn.

Leiingsemna $K_{18} = 47.3 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{cm}^{-1}$.

Gjennomstrøyminga er normalt liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat.

På 2.0 m vart det funne 8 muslingar, 5 vannmidd, 5 fjærmygg-larver, 1 snegle, 1 mudderflugelarve og 1 klegglarve, tilsaman 210 individ pr. m^2 .

5.0 meteren gav som resultat 4 muslingar, 4 fjærmygglarver og 1 vårfuglarve - i alt 90 individ pr. m^2 .

Samla resultat syner at der ikkje er særleg mykje botndyr i vatnet.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foretken, tok vi mageprøve av den eine fisken vi fekk, og her vart det funne vårfuglarver, stankelbein, buksvømmere, damsnegle og fjærmygglarver.

Planktonprøver.

Det vart teke eit horisontaltrøkk på ca. 50 m med planktonhov og resultatet var ein heller fattig prøve.

Fisk m.v.

Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Aure, stingsild og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 1 aure. Denne vart fanga på garnet av omf. 26.


Vi tok prøve av denne eine fisken og den var 27 cm lang og vog 190 gram. Det var ein hanfisk i stadie 2 (hadde ikkje gytt tidlegare og ville heller ikkje ha kome til å gyte dette året).

Kjøttfargen var lys-rød og kondisjonsfaktoren 0.98 tilseier fisk av god kvalitet.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter			
	1år	2år	3år	4år
Lengde i cm	4.3	9.2	16.8	24.1
Årleg lengdetilvekst i cm.	4.3	4.9	7.6	7.3
Antall fiskar	1	1	1	1

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for fisken i Vikavatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år). Vanlegvis er det medelet for 25 - 30 fiskar som dannar bakgrunnen for ein slik kurve så når vi bare fekk 1 fisk er det uvisst om denne er representativ for den veksten fisken i Vikavatnet har.



Som vi her vil sjå, ligg veksten i underkant av normalen dei 2 første åra, men etter denne tid går det jamt oppover. Sjølv om det her berre er tale om 1 fisk, så må ein likevel tru at ein viss peikepinn vil denne gi.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at tilhøva skulle liggja vel tilrette for fiskeproduksjon i Vikavatnet. Vidare at fiskebestandet i vatnet i dag er minimalt, slik at næringsforrådet ikkje blir fullt utnytta.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva så er desse relativt gode. Botnprøvene var ikkje rike, men mange arter av verdfulle næringsdyr var likevel å finna.

Som nemnt lukkast det oss berre å få 1 fisk på 7 garn, noko som skulle tilseie at det er eit særslite fiskebestand som vatnet inneheld.

Det som er avgjerande for næringsdyrproduksjonen og fylgjeleg fiskeproduksjonen i eit vatn, er nedslagsfeltet då det er herfrå at vatnet får tilsiga sine og dei stoffa som tilsiga fører med seg vil setje sitt preg på vatnet - enten til godt eller vondt.

Nedslagsfeltet for Vikavatnet har for ein stor del eit rikt jordsmon og ein frodig vegetasjon. Dette er då i stand til å nøytraliser den sure nedbøren vi får i dag og fylgjeleg får vi ein meir stabil pH.

Fåren med vatn av dette slaget, der gjennomstrøyminga er liten og vegetasjonen frodig, kan vera at fisken går til grunne p.g.a. surstoffsvikt. Årsaka er, at is og snø isolerer for lyset om vinteren og dermed set ned plantene si assimilasjonsemne. Når plantene så åndar kan dei brukte så mykje av det surstoffet som fins oppløyst i vatnet, at det oppstår surstoffmangel og fisken dør ut. Dette berre nemner vi, men det er førebels ingen ting som skulle tale for at det vil oppstå nokon fiskedød i Vikavatnet.

Gytetilhøva er därlege, slik at ein må bassere fiskeproduksjonen på utsetting av fisk.

Praktiske tiltak.

Det første ein må gjera er å setje ut settefisk for å utnytta vatnet si produksjonsemne. Spørsmålet er då kva fiskeslag ein skal satse på.

Eit lite bestand av regnbueaure kunne koma på tale. Regnbueauren veks raskt og er bitevillig, noko som sikkert ville vera av interesse. Det ein i såfall måtte gjera, var å setje opp eit stengsel for utlaupet, då det næraast ville vera uråd å halde regnbueauren i vatnet utan å stengje. Vidare måtte alle grunneigarane til vatnet vere enige om ei slik utsetjing og ein måtte prøve å halde tilsyn med event. ulovleg fiske. Regnbueauren formerar seg ikke og ein må søkje Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge om løyve til utsetjinga - noko som sikkert vil gå i orden. Eit høvande antall skulle vera ca. 50 settefisk årleg.

Vil ein satse på den vanlege auren kan ein setje ut same antall. Denne kunne ein i så fall overføre frå overbefolka vatn i nærleiken f.eks. frå Breilandsvatnet. Også denne skulle ein tru ville gjera det godt i Vikavatnet.

Ålen er ein godt betalt matfisk så denne burde ein nyttiggjera

seg. Ved å setje ei ruse på utfallsbekken skulle det vera ei enkel sak å fanga utgangsålen. Det er som kjent om hausten, helst under flaumar og mørk måne, at utgangsålen forlet vatnet.

Vi vil føreslå, at grunneigarane til Vikavatnet samlast for å drøfta den beste utnyttinga av vatnet. Vikavatnet er litt av ei perle, så sjølv om ikkje vatnet vil kunne tåle noko stort fiskebestand, vil det likevel kunna gi grunneigarane mang ei "hyggestund" med fiskestanga.

Underskrivne vil vera hjelpesam med å drøfte saka nærar om det er av interesse.

Stavanger den 2. april 1973

Einar Berg